

## SAK 69-16 SØKNAD OM STØTTE TIL VIDAREFØRING AV HALLINGDAL SITT LANGRENNSPROSJEKT I 2017

### Saksopplysning

I søknad datert 14.11.2016 (vedlegg 1) søker Ål Utvikling AS om kr. 200.000 i støtte til vidareføring av Hallingdal sitt langrennsprosjekt i 2017. Med bakgrunn i godt arbeid og god framdrift i langrennsprosjektet i perioden 2015-2016 ser prosjekteigarane det som særskilt viktig å kunne drive prosjektet vidare i 2017. Prosjekteigarar er Flå Vekst SA, Nesbyen Turist- og Næringssservice AS, Gol Reisemål AS, Hemsedal Turisttrafikklag SA, Ål Utvikling AS og Visit Geilo AS.

Med bakgrunn i dette er det utarbeida ein prosjektplan for Hallingdal sitt langrennsprosjekt i 2017.

Regionrådet handsama i sak [04-15](#) gjennomføring av profileringsprosjekt langrenn, etter at dei 6 destinasjonsselskapa gjekk saman om å realisere prosjektet, Ål Utvikling som prosjektansvarleg. Det vart løyvd kr. 335.000 til prosjektet, finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2015. Med bakgrunn i sak [65/15](#) vart det løyvd kr. 200.000 frå partnerskapsavtala til vidareføring av Hallingdal sitt langrennsprosjekt i 2016.

Hallingdal har i dag eit omfattande og godt utvikla løypenett som blir vurdert å ha stort potensiale på tvers av regionen. Med heile 2000 km skiløyper kan me si at Hallingdal er ein av Europas

beste langrennsregionar og synleggjeringa av dette er arbeid som må gjerast over fleire år. Hallingdal sitt langrennsprosjekt blir vurdert som ein suksess og har i 2016 vidareført det gode arbeidet som vart gjort i 2015 og i byrjinga av 2016. Alle oppgåvene i prosjektplanen er enten gjennomført eller vidareført. Hovudtyngda av arbeidet er gjort og skal gjerast i perioden jan-april, samt nov-desember.

Vedlegg 2, Mellombels prosjektrapport gjev ei god oversikt over gjennomførte tiltak.

Interessa for langrenn og turski er stor, og stadig aukande både i Norge og i utlandet. Langrenn er ein viktig aktivitet både når det gjeld trening/konkurrans, som rekreasjonsform og i eit folke- helseperspektiv. Prosjektet er hovudsakeleg eit profileringsprosjekt, men grensar i fleire tilfelle inn på produktutvikling. Produktutvikling blir jobba med på kvar destinasjon parallelt, og med styringsgruppedlemmer som pådrivarar i sine respektive kommunar.

Målsettinga med prosjektet er fleire kommersielle gjestedøgn og auka positivt omdøme og attraktivitet for Hallingdal som reisemål samt bu- og hytteregion.

For 2017 er det planlagt fylgjande prosjektoppgåver:

- Vidareutvikling av brosjyre, oppdateringar og trykking av 15.000 eks.
- Utvikling og produksjon av turkart der ein lyfter fram langsgåande løyper som Hallingdalsløypa Nord, Hallingdalsløypa Sør og Eventyrløypa. Resten av løypenettet i Hallingdal skal også takast med.
- Oppfølging og vidareføring av samarbeidet med skisporet.no
- Halde fram med marknadsføringskampanjane av Hallingdal som langrennsdestinasjon vinteren 2017 og starte opp att i sept/okt med fokus på vinteren 2018.
- Utarbeide fleire annonser og kjøpe annonseplass for alle annonsane i serien «Vi er skifolket» i ulike nasjonale og lokale mediekkanalar, samt sosiale media.
- Vidareføre samarbeid med profesjonelle rådgjevarar, bloggsaker og pressemeldingar.
- Følgje opp, vidareutvikle og drifte kampanjesida [www.hallingspor.no](http://www.hallingspor.no) gjennom heile 2017.
- Andre aktuelle tiltak som viser seg å være aktuelle og nyttige.

Totalt budsjett for 2017 er kr. 500.000

## **Vurdering**

Hallingdal sitt langrennsprosjekt er så langt utan tvil ein suksess og har fått gjennomført dei valte hovudoppgåvene. Prosjektet er vellykka på to måtar, prosjektet er gjennomført som planlagt og dei 6 destinasjonane har etablert eit godt og konstruktivt samarbeid på konkrete oppgåver, det fortener ros.

Interessa for langrenn og turski er stor, og stadig aukande både i Norge og i utlandet. Langrenn er ein viktig aktivitet både når det gjeld trening/konkurransse, som rekreasjonsform og i eit folke- helseperspektiv. Ingen land i verda har så mange gode langrennsområde som Norge. Kommunane i Hallingdal har eit omfattande skiløypenett som i høgsesongen er i overkant 2000 km! Med dette utgangspunktet bør kanskje Hallingdal ha som mål å bli verdens beste langrennsregion? Gjennom prosjektet har ein styrka kommunane og Hallingdal som langrennsregion. Satsinga blir vurdert som positiv og kan vera starten på ei tydelagte profilering av Hallingdal som langrennsregion nr.1.

Etter dagleg leiar sitt syn er profileringsprosjekt langrenn eit godt døme på konkret målretta samarbeid, som utan tvil vil vera med å setja Hallingdal i mykje sterkare grad på langrennskartet, ved eit langsiktig og målretta arbeid. Det er eit tiltak som absolutt bør vidareførast.

## **Forslag til vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 200.000 til vidareføring av Hallingdal sitt langrennsprosjekt i 2017.  
Tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2016.
2. Ål Utvikling skal vera prosjektansvarleg for profileringsprosjekt langrenn.
3. Styringsgruppe for profileringsprosjekt langrenn skal vera med ein representant frå kvart av destinasjonsselskapa i Hallingdal i tillegg prosjektleiar for Regionrådet sitt prosjekt Hallingdal 2020.
4. Prosjektet skal vera avslutta i 2017 og evaluering og rapportering skal vera gjennomført innan 1.3.2018.

Ål 18.11.2016

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar

Vedlegg 1: Søknad datert 14.11.2016 frå Ål Utvikling AS

Vedlegg 2: Mellombels prosjektrapport – Langrenn i Hallingdal, 16.11.2016

Til Regionrådet for Hallingdal

3579 Torpo

Ål, 14.11.16.

### **SØKNAD OM STØTTE TIL VIDAREFØRING AV HALLINGDAL SITT LANGRENNSPROSJEKT I 2017**

Med bakgrunn i godt arbeid og god framdrift i langrennsprosjektet i perioden 2015-2016 ser prosjekt-eigarane det som særskilt viktig å kunne drive prosjektet vidare i 2017.

No er mykje av «grunnarbeidet» gjort, men for å få teke ut maksimal langsiktig effekt av tiltaka som er sett i gang er det heilt nødvendig å fortsette arbeidet i denne regi.

Arbeidet i styringsgruppa er konstruktiv og prosjektleiar gjer ein god jobb og styrer arbeidet med stø hand. Me har erfart at å ha ein dyktig ekstern prosjektleiar er heilt naudsynt for å få til den nødvendige framdrifta, og ynskjer derfor å vidareføre avtala med Tove Sletto for 2017.

Med bakgrunn i dette har me utarbeida ein prosjektplan for Hallingdal sitt langrennsprosjekt i 2017, sjå neste side. For å få på plass finansieringa håpar med Regionrådet vil støtte prosjektet også i 2017. Med bakgrunn i finansieringsplanen i søknaden søker me om eit tilskott på

**kr. 200.000,-.**

Alle destinasjonane i Hallingdal har bekrefta at dei deltek i prosjektet med kroner og arbeidsinnsats i 2017.

Vedlagt ein foreløpig rapport frå prosjektleiar om arbeidet frå 1.mars til og med oktober 2016. Endeleg prosjektrapport blir skrivi rett over nyttår og sendt dykk då. Sjå også tidlegare tilsendt rapport for 2015.

Med helsing  
Ål Utvikling AS

Kari Grete Kleivstøl  
Prosjektansvarleg for langrennsprosjektet  
- på vegne av dei seks destinasjonane i Hallingdal -

# LANGRENNSPROSJEKTET I HALLINGDAL

## PROSJEKTPLAN / SØKNAD 2017

### Organisering

#### Prosjekteigarar

Flå Vekst SA  
Gol Reisemål AS  
Hemsedal Turisttrafikklag SA  
Nesbyen Turist- og Næringservice AS  
Visit Geilo AS  
Ål Utvikling AS

**Prosjektansvarleg:** Ål Utvikling AS

**Prosjektleder:** Tove Sletto

#### Styringsgruppe:

Line Ramsvik	Visit Geilo AS	T: 971 32383 / line@geilo.no
Trond Gunnerud	Flå Vekst SA	T: 900 34 954 / trond@hogevarde.no
Solveig Hjallen	Nesbyen Turist- og Næringservice AS	T: 993 88 675 / info@nesbyen.no
Frode Bjelland	Gol Reisemål AS	T: 473 18 482 / frode@golinfo.no
Kari Grete Kleivstøl	Ål Utvikling AS	T: 970 38 147 – 32 08 43 60 / post@alutvikling.no
Anneli R. Vøllo	Hemsedal Turisttrafikklag SA	T: 988 87 267 / anneli@hemsedal.com
Ulrikke Ytteborg	Regionrådet for Hallingdal	T: 926 65 169 / ulrikke@hallingdal.no

#### Referansegrupper

Blir satt saman etter behov og då det er aktuelle tiltak der det er nyttig. Dette kan være reiselivsbedrifter/ aktivitetsbedrifter, løypelag samt kommunane.

### Bakgrunn/marknad

Hallingdal har i dag eit omfattande og godt utvikla løypenett som blir vurdert å ha stort potensiale på tvers av regionen. Med heile 2000 km skiløyper kan me si at Hallingdal er ein av Europas beste langrennsregionar og synleggjinga av dette er arbeid som må gjerast over fleire år. Satsinga på dette starta me med i 2015, men for å få teke ut maksimal langsiktig effekt av tiltaka som er sett i gang er det heilt nødvendig at arbeidet blir vidareført.

Interessa for langrenn og turski er stor, og stadig aukande både i Norge og i utlandet. Langrenn er ein viktig aktivitet både når det gjeld trening/konkurransen, som rekreasjonsform og i eit folkehelseperspektiv.

Dette prosjektet er eit samarbeid mellom alle dei 6 destinasjonane i Hallingdal og Regionrådet for Hallingdal. Prosjektet er hovudsakelig eit profileringsprosjekt, men grensar i fleire tilfelle inn på produktutvikling. Produktutvikling blir jobba med på kvar destinasjon parallelt, og med styringsgruppedlemmer som pådrivarar i sine respektive kommunar.

## Prosjektoppgåver 2017

- Vidareutvikling av brosjyren, oppdateringar og trykking av 15.000 eks.
- Utvikling og produksjon av turkart der ein lyfter fram langsgående løyper som Hallingdalsløypa Nord, Hallingdalsløypa Sør og Eventyrløypa. Reisten av løypenettet i Hallingdal skal også tas med.
- Oppfølging og vidareføring av samarbeidet med skisporet.no
- Fortsette med marknadsføringskampanjane av Hallingdal som langrennsdestinasjon vinteren 2017 og starte opp att i sept/okt med fokus på vinteren 2018.
- Utarbeide fleire annonser og kjøpe annonseplass for alle annonsane i serien «Vi er skifolket» i ulike nasjonale og lokale mediekanalar, samt sosiale media.
- Vidareføre samarbeid med profesjonelle rådgjevarar som Kreator og Nucleus, bloggsaker og pressemeldingar.
- Følgje opp, vidareutvikle og drifte kampanjesida [www.hallingspor.no](http://www.hallingspor.no) gjennom heile 2017.
- Fortsette Instagram-konkurransen og kåring av månadens vinnarbilete.
- Andre aktuelle tiltak som viser seg å være aktuelle og nyttige.

**Målsetting/resultat:** Fleire kommersielle gjestedøgn og auka positivt omdøme og attraktivitet for Hallingdal som reisemål samt bu- og hytteregion.

## Tidsplan/ milepælar

Kva	Januar	Februar	Mars	April	Mai/Juni/ Juli /Aug	September	Oktober / November	Desember
Styringsgruppe- møter	Tidleg januar	1. gong pr. mnd	1. gong pr. mnd	1 møte pr. mnd.	Ferie i prosjektet	1. gong pr. mnd	1. gong pr. mnd	1. gong pr. mnd
Prosjektarbeid jfr. plan	x	x	x	x		x	x	x
Vidareutvikling og trykking av brosjyre	x	x						
Utvikling og produksjon av turkart			x	x		x		
Ytterlegare forbetringar av Hallingdal samla på <a href="http://www.skisporet.no">www.skisporet.no</a>	x	x	x					
Annonser/ marknadsføre på nett og i sosiale media	x	x	x				x	x

Vidareføring av marknadsføringskampanje via Kreator /Nucleus	x	x	x				x	x
Vidareføring og drift av hallingspor.no	x	x	x				x	x
Andre tiltak som kjem til	x	X	x				x	x
Sluttrapport for prosjektet		x						

## Økonomi

### Budsjett:

Til prosjektoppgåvene	250 000
Administrasjon og prosjektleiing, ca.	100 000
Arbeidsinnsats frå dei 6 destinasjonane a kr. 25.000	150 000
<b>Sum</b>	<b>500 000</b>

### Finansiering

Tilskott Regionrådet for Hallingdal	200 000
Tilskott, 6 destinasjonar a kr 25.000	150 000
Eigeninnsats 6 destinasjonar timar a kr. 25.000	150 000
<b>Sum</b>	<b>500 000</b>

Med helsing  
Ål Utvikling AS

Kari Grete Kleivstøl  
Prosjektansvarleg

## Mellombels prosjektrapport – Langrenn i Hallingdal

Prosjektnamn: **Langrenn i Hallingdal 2016.**

Periode:  
**Mars - okt 2016**

Prosjektansvarleg:  
**ÅI Utvikling AS**  
**v/ Kari Grete Kleivstøl**

Prosjektleder:  
**Tove Sletto**

### Samandrag



Grønt betyr:  
Prosjektet er i henhold til plan.  
Måloppnåelse fullt ut realistisk.

Gult betyr:  
Prosjekter er under kontroll.  
Måloppnåelse fortsatt mulig under  
visse forutsetninger

Rødt betyr:  
Prosjektet er ikke under kontroll.  
Måloppnåelse ikke sannsynlig

### Kort samandrag:

Hallingdal sitt langrennsprosjekt er ein suksess og har i 2016 vidareført det gode arbeidet som vart gjort i 2015 og i byrjinga av 2016. Alle oppgåvene i prosjektplanen er enten gjennomført eller vidareført. Hovudtyngda av arbeidet er gjort og skal gjerast i perioden jan-april, samt nov-desember. Basert på erfaringar frå 2015, så er det ein voldsom interesse for tidlig-løyper i både media og i marknaden. Her må ein henge med for å få medieomtale. Etter jul er vinter og snø meir sjølvstøtt og langrenn ber preg av å vera ferskvare. Dei besøkande jaktar dei beste langrennsforholda, dei beste løypene og det beste totaltilbodet. Hallingdal er heilt klart ein region som blir vald på grunn av dette.

### Prosjekt mål

Prosjektet er eit profileringsprosjekt som har som mål få fleire kommersielle gjestedøgn og auka positivt omdøme og attraktivitet for Hallingdal som bu- og hytteregion.

### Prosjektet sine arbeidsoppgåver i flg. prosjektplanen for 2016

1. Få produsert ein felles vinterfilm med hovudfokus på langrenn for Hallingdal, og deretter distribuere den i ulike kanalar.
2. Fortsette med marknadsføringskampanjane av Hallingdal som langrennsdestinasjon vinteren 2016 og starte opp att i sept/okt med fokus på vinteren 2017.
3. Utarbeide fleire annonser og kjøpe annonseplass for alle annonsane i serien «Vi er skifolket» i ulike nasjonale og lokale mediekkanalar..
4. Vidareføre samarbeid med profesjonelle rådgjevarar som Kreator og Nucleus.
5. Andre aktuelle tiltak som viser seg å være aktuelle og nyttige.
6. Følgje opp, vidareutvikle og drifte den nye kampanjesida [www.hallingspor.no](http://www.hallingspor.no) gjennom heile 2016.

## Status per 1.november 2016

**Pkt. 1. er gjennomført.** Ål Utvikling hadde allereie ein langrennsfilm, som me kunne nytte. Den er korta ned og redigert, samt fått Hallingdals-logo og -profil. I tillegg inngikk me ei avtale med Daniel Kvammen og fekk nytte instrumental versjonen av låta hans «Du fortener ein som meg». Filmen er innbydande og kan sjåast på [hallingspor.no](http://hallingspor.no). Me har også spreidd den på sosiale medier.

**Pkt. 2 er gjennomført** med hovedvekt på tida før jul. Før jul 2015 var hovedvekten på trykte annonser i medier som Finansavisen, Sport og Fritid, Fjell og Vidde og Vintermagasinet til Hallingdølen. I tillegg hadde me ein nettbanner på [dnt.no](http://dnt.no) i heile desember. Det vart etablert ei nettside; [www.hallingspor.no](http://www.hallingspor.no) og me lanserte ein instagram-konkurranse med flotte premier. Alle vinnarar er kåra og alle premier er delt ut.

Etter jul og fram til og med påske 2016 har prosjektet valgt å ha mest fokus på annonsering via facebook, og med fokus på Bergen, Oslo, Akershus, Vestfold, Nedre Buskerud og Kongsberg.

Nye annonsesett på facebook er planlagt med oppstart november 2016 og ut sesongen.

Av annonsering, så vurderer vi Vintermagasinet til Hallingdølen med utgivelse i desember.

**Pkt. 3. er gjennomført.** I denne prosjektperioden har vi laget 1 bloggartikkel om «Starvejentene». Artikkelen er postet på [hallingspor.no](http://hallingspor.no) og sosiale medier. Nye artikler er på blokka, men litt på vent til 2017.

### ***Konseptet - Vi er skifolket***

Marknadskampanjen bygger på konseptet «vi er skifolket». «*Vi hallinger har langrenn i sjela. Vår entusiasme og skiglede gjør Hallingdal til en av Europas beste langrennsregioner. Vi er skifolket*».

Konseptet handler om å fortelle historia til verdensmesteren, tur-entusiasten, mosjonisten, tur- familien, løypekøyraren, serveringspersonalet på ei fjellstugu m.m. Det er desse folka som gjer det mogleg for oss å kalle oss ein av Europas beste langrennsregionar.

Historia til skifolket blir presentert i annonseform og på kampanjesida [hallingspor.no](http://hallingspor.no).

**Pkt. 4. er videreført.** Vi har et godt samarbeid med både Kreator og Nucleus. Spesielt samarbeidet med Nucleus har vist seg å være nyttig. De sørger for at vi er synlige i diverse medier og pressemeldingene de sender ut har gitt god dekning for Hallingdal. Det ble sendt 1 pressemelding i forbindelse med vinterferien og det er planlagt 2 pressemeldinger i nov/des. 2016. Den første handler om tidlig-snø og den andre er en oppfølgingsmelding om antall preparerte kilometer med langrensløyper.

## Pressemelding 16.02.2016:

«Til fjells i vinterferien? Fortsatt ledige senger i vinterparadiset Hallingdal»  
Sendt først til Dagbladet, så VG. Begge takket nei. Det er vanskeligere å pitche langrennsaker midtvinters. ABC nyheter responderte positivt. PM sendt ut bredt etter dette.

## Resultater:

ABC nyheter (nettavis med 200.000 lesere) 16.02.2016, «Hallingdal frir til skifrelste milslukere»:

<http://www.abcnyheter.no/reise/2016/02/16/195200333/hallingdal-frir-til-skifrelste-milslukere>

Skiinfo.no 18.02.2016 “2000 kilometer med langrennsløyper klare til vinterferien”:

<http://www.skiinfo.no/nyheter/a/618673/2000-kilometer-med-langrennsløyper-klare-til-vinterferien>

Skiinfo, facebookside:

<https://www.facebook.com/skiinfonorge/?fref=ts>

## Presseoppslag utenom PR-meldinger:

### Nett-artikler:

7. Dn.no, 3.jan.2016:  
<http://www.dn.no/dnaktiv/skiguide/2016/01/03/1158/Min-runde/hy-p-livet-og-vidda>
8. Vg.no, 5.jan.2016: <http://www.vg.no/forbruker/reise/reiselivsnyheter/mer-snoe-i-vente-her-kan-du-gaa-paa-ski-naa/a/23590851/>
9. Vg.no, 27.feb.2016:  
Jakten på det hvite gullet:  
[http://pluss.vg.no/2016/02/27/2306/2306\\_23626027](http://pluss.vg.no/2016/02/27/2306/2306_23626027)

Jakten på det hvite gullet

□ VG 27.02.2016 Side 26-29  
« < 26 / 52 > »

26 LØRDAG 27. FEBRUAR 2016



**BLÅTIDEN PÅ BEITOSTØLEN:** Julia Mark (20) jobber som skilinstruktur på Beitostølen. Noen ganger tar hun seg en langrennstur på egen hånd i det rolige, vakre landskapet i høyden over skibygd.

**Skiløpere kan flytte på seg. Det er verre å flytte på skisteder.**  
Rasmus Benestad, klimaforsker

## På sporet landet rundt

En rekke av de kjente skistedene i Norge har en blanding av løyper i lavlandet og i høyden, og kan derfor regnes som delvis snusikre. Her er noen av knutepunktene for langrenn.

**HALLINGDAL:** Hallingdalen er et nytt prosjekt som fester Hallingdalen som en langrennsregion, med til sammen 2000 km preparerte løyper. Omrent halvparten av disse ligger over trengsen og regnes som snusikre.

**TITVEL:** Kommer godt ut av klimaprosjektet for fremtiden, selv om stellet ligger godt un der trengsen, grunnet kort, kaldt og stabilt innlandsklima. I tillegg trykkes det er det 100 km oppkjørte løyper, men i høysesong er det 700 km med spor. Løper sine også i langrenn.

**SJUSJØEN:** Regnes som et av Europas beste langrennssteder, med over 200 km preparerte skiløyper. Løypenettet har direkte forbindelse med Nordseter, Hellig Øyefjella og til Flondalen nordover, østover til Åstada len og Rens, og sørover til Hømsnesregionen. Til sammen et løypenett på over 1500 km.

**SKEIKAMPEN:** Er kjent for å være et av de mest snusikre skistedene i landet, der de ligger på 800 meter på grensen mellom høy fjell og lavoggrunn. Guldrondeller. Her er det 500 km med løyper, alle på over 800 meter.

**HAFJELL OG BYFERJELLET:** Løypenett på 220 km som grenser mot løypenett mot Ringebu og Vansjøfjell i nord og Nordseter og Sjøstien i sør. Normalt tidlig sne og lang se sone.

**BJØRVIK:** Snusikre Bjørviik ligger på 574 moh, og har 92 km oppkjørte løyper, både i skogsområder og på høyfjellet.

**HOVDEN I SETESDAL:** Har 170 km oppkjørte løyper, de fleste på over 800 meter. Her har

### **Pkt. 5. inkluderer fleire nyttige tiltak:**

- Me har hatt oppfølgingsmøte etter påske med skisporet.no der me framla ynskje om ein betre søkefunksjon og moglegheita for få opp alle våre langsgåande strekningar; Hallingdalsløypa Sør, Hallingdalsløypa Nord og Eventyrløypa, samt å kunne søke på Hallingdal som samla region. Nytt oppfølgingsmøte i jan/feb 2017.
- Me har hatt møter med alle løypelag i Hallingdal, for å forbetre samarbeidet og vidareutvikle dei langsgåande løypetraseane som produkt. Desse traseane må det jobbast ytterlegare med både i forhold til skilting og prepping. Dei langsgåande traseane er nevnt som turtips i brosjyre og på hallingspor.no, men dei er for dårleg skilta til at me kan markedsføre dei ytterligare. Det er derfor søkt om midlar for å utbetre skiltingen. «Hallingdal på langs» blir eit underprosjekt av «Langrenn i Hallingdal» der markedsprosjektet deltek som initiativtakar og pådriver for utvikling av eit løypenett som ein ynskjer å marknadsføre.

**Pkt. 6. er vidareført.** Sida er informativ med bilete og video. Me byter bilete kvar månad for å vise vinnarar i forbindelse med instagram-konkurransen. Arbeidet blir tatt opp att i desember. I november blir premiane for sesong 2016-2017 lansert.

### **www.hallingspor.no**

Me har i samarbeid med kommunikasjonsbyrået Nucleus fått utarbeida ei kampanjeside der med fortel om skifolket gjennom ein langrennsfilm og flotte bilder. Her finn du også informasjon om løypenettet og turtips. Oppdatert løypestatus får du på skisporet.no og du kan laste ned brosjyra her. Me fristar også til deltaking i ein instagram-konkurranse der alle bilder som er merka med #hallingspor er med i kåringen av flotte premiar. Nettstaden er under stadig utvikling, og det er viktig for å få folk til å oppsøke sida meir enn 1 gong.

### **Organisasjon**

I samsvar med prosjektskildringa.

### **Framdrift**

Som planlagt. Prosjektet fortsett det gode arbeidet også resten av 2016 og dermed vinteren 2016/17.

### **Ressursbruk og økonomi**

Prosjektet har halde seg innanfor sine budsjetttrammer.

### **6. Spesielle problem og utfordringar**

Målet vårt om å få på plass eit saumlaust og samla online kart over Hallingdal er avhengig av skisporet.no og deira tekniske løysning. Her har me møtt forståing for vårt ynskje, men dei har heile Norge å ta hensyn til og det tek meir tid enn me hadde håpa. Me har ein god dialog og trur på ei løysning i løpet av vinteren 2017. Det er også på tide å ta tak i våre langsgåande løyper, men dette blir i så fall eit underprosjekt av Langrenn i Hallingdal. Kartlegging og organisering av arbeidet er

starta opp i 2016, men må finne samarbeidsform og finansiering før arbeidet kan resultere i eit godt nok produkt til at det kan marknadsførast av «Langrenn i Hallingdal».

### **7. Prosjektleiars eigen vurdering**

Samarbeidet mellom destinasjonane effektivt og alle bidrar på sin måte. Engasjementet er stort og ein diskuterar seg fram til gode løysningar. Særinteresse blir lagt til side til fordel for fellesskapet og alle blir behandla likt. For kommande vintersesong håpar me at prosjektet kan vidareførast med samma driv og engasjement. Nokre av destinasjonsselskapa får nye representantar inn i styringsgruppa, og det kan gi nye spennande tankar og idear i vidare arbeid. Me har mange gode historier å fortelje og me skal spele på oss sjølv. «Vi er skifolket».

16.11.16.  
Tove Sletto  
Prosjektleiar